## 32 med i tippe-kampen!

16.10.2010




Tommy Eidsvik satsa også på ein 32-rekkers kupong. Kari Ljosnes tar i mot “bestillingen”. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er det fart i tippe-kampen på SPAR.**
**I løpet av dagen har 32 kasta seg inn i det nye oppgjeret.**
**I førre runden var berre 8 med i tevlinga,men forsterka PR og reduksjon frå 64 til 32 rekkjer har laga luft i luka.**

Då tidsfristen gjekk ut klokka 16 i ettermiddag hadde 32 satsa på ein 32 rekkers kupong over 5 veker og alt tyder på at det blir eit spennande og tett oppgjør om å bli Uskedalens beste tippar.
- Kjempeflott, dette blir artig, seier tippeleiinga.

Dei neste rundene kjem 23. oktober, 30. oktober, 6. november og 13. november.

Norsk Tipping lova finë premier også denne gongen og Kari Ljosnes opplyser at desse no har kome.
Det er eit herreur som topp-premi og dei andre er jakke, handkle og bukse.



Benjamin Taranger og Kari Ljosnes hadde stor pågang av tipparar i dag. Var dei usikre, kunne dei få hjelp med utfyllinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)